

Rådmannen i Modalen kommune
Her.

29. september 2020

Søknad om tilskot til drift av Mo Sokn for 2021.

Mo Fellesråd gjorde i møte 24. september, sak F 17/2020 vedtak for budsjett 2021, som vert lagt ved denne søknaden.

Mo Sokn søker med dette om kommunalt tilskot til drift av Mo Sokn for 2021 på kr 1.168.000,-.

Kyrkjeverga sine kommentarar til budsjettet:

Budsjettet 2021 for Mo sokn balanserer med utgift kr 1.395.100 kr. Tilsvarande tal i 2020 var 1.313.100,-. Budsjetterte inntekter 2020 utanom kommunetilskot er på kr. 227.000,-, frå kr 177.100 året før. Kommunetilskotet er auka med 2,8% til kr. 1.168.000,- frå 1.136.000.

I prosent aukar våre utgifter frå 2020 til 2021 med 6,2% og samla inntekt auker med 28,2% Det er grunna budsjetterte lønskostnader på kr 65.000,- i høve 15 veker foreldrepermisjon som er planlagt i 2021. I prosent gjev denne summen slike utslag i budsjettet.

Vedlikehald og opprusting av kyrkja reknar eg med det vil halda med ordinært vedlikehald. Der er ikkje budsjetterte inventarkostnader knytt til ny kyrkjestove, då kyrkjestova er del av kommunal pott. Eit mindre beløp ligg der likevel på grunn av uforutsett investeringsbehov.

Andre kommentarar til 2021-budsjettet:

- Der er i post 41.12000 budsjettert med kr 25.000, i inventar til ny kyrkjestove.
- Post 41.11950 budsjetterer med kr 24.000,- til arkivsystemet Public 360. Dette er ein it-kostand som må koma.
- Antal gravferder er redusert med 2, og står no med 3 budsjetterte gravferder. Post 43.12300.
- Mo kyrkjelege fellesråd budsjetterer med å halde oppe aktiviteten i 2021 innanfor gjeldande korona-regelverk.

Dersom de ynskjer ytterlegare informasjon er det berre å ta kontakt.

Med helsing

Lars Bjarte Nesheim
Kyrkjeverge Mo Sokn